



ALDEN HAMNEOMRÅDE

AVGIFTSREGULATIV 2017

Gjeldande frå 01.01.17 til 31.12.17

Avgiften blir kravde innafor område i samsvar med lov om havner og farvann § 9.

Avgiften er like innafor området der kommunen har planmynde etter plan- og bygningsloven.

Avgiften skal godkjennast av bystyra/kommunestyra kvart år.

ANLØPSAVGIFT

Lov om hamner og farvatn § 25

Med dei unntak som er nemnd nedanfor, skal alle farty som anløper hamneområdet betale anløpsavgift etter følgjande satsar, per anløp:

Kr 0,42/BT

Anløpsavgifta skal betalast per anløp i hamna. Ved gjentekne anløp innafor same kalenderdøgn skal avgifta berre betalast ein gong per kalenderdøgn.

For farty som anløper hamna ofte, kan hamnerådet vedta at det berre skal betalast avgift for eit bestemt tal døgn per måned. Det kan også fastsetjast ei månadsavgift.

MINSTEAVGIFT er kr 200,-

FRITEKEN FRÅ ANLØPSAVGIFTA ER

1. Farty som betalar spesiell hamnevederlag, sjå nedanfor.
2. Små farty under 15 meter.
3. Bergings- og isbryterfarty i høve berging og isbryting.
4. Orlogsfarty, norske og utenlandske.
5. Kystverkets farty i høve med arbeid i farvannet.
6. Redningsselskapet sine skøyter.
7. Farty som anløper hamn på grunn av skade eller nødstilstand og farty ikkje laster, lossar eller tar om bord passasjerer.
8. Farty som utfører service/arbeid i/ved merder i oppdrettsanlegg.
9. Veteranfarty som ikkje driver komersiell næringsvirksomhet.



RABATT

- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan får 30% rabatt på anløpsavgifta.
- Farty opp til 30m, heimehøyrande i sjøområdet til Alden hamneområde får tilbod om ei fast årsavgift på kr. 5 000,-.
- Cruiseskip som anløper utenom hovudsesonen settast satsane ned med 50% Hovudsesonen for cruise vert regna f.o.m. 1. mai t.o.m. 30. september.
- For cruiseskip med anløp innanfor hovudsesonen settast satsane ned med 20% f.o.m tredje anløp av skip frå eit og same rederi(Operer under same varemerk) innanfor denne perioden.

Miljørabatt: Grøn hamn

- For skip registrert i ESI (Environmental Ship Index) blir satsane senka på bakgrunn av på førehand innsendt ESI-sertifikatet – innanfor sertifikatets gyldighetsperiode.
ESI Score: 25 – 49 poeng: 10%
ESI Score: 50 – 74 poeng: 20%
ESI Score 75 poeng og høgare settast satsane ned med 50 %
- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan og har ein ESI score høgare enn 50 får 50% rabatt.

Samla kan rabatten på anløpsavgifta ikkje overstige 50%.

Hurtigruteskipa får ein ekstra grupperabatt slik at anløpsavgifta blir:

For hurtigruteskip over 10.000 brt.	kr 1500,- per anløp*
For hurtigruteskip mellom 5.000-10.000 brt.	kr 1200,- per anløp*
For hurtigruteskip under 5.000 brt.	kr 500,- per anløp*

**Kan ikkje kombinerast med andre rabattar.*

ENDRING AV DETTE REGULATIVET

Dette avgiftsregulativet gjeld for år 2017.

Vedteke i Flora bystyre	XX.XX.XXXX
Vedteke i Naustdal kommunestyre	XX.XX.XXXX
Vedteke i Førde bystyre	XX.XX.XXXX
Vedteke i Fjaler kommunestyre	XX.XX.XXXX
Vedteke i Gaular kommunestyre	XX.XX.XXXX
Vedteke i Askvoll kommunestyre	XX.XX.XXXX
Vedteke i Hyllestad kommunestyre	XX.XX.XXXX